



Surnadal kommune

Rådmannen

Kunnskapsdepartementet

Dykkar ref:

Vår ref
2011/2731-3

Saksbehandlar
Astrid Mogstad Høivik

Dato
08.12.2011

Høyringsuttale - Forslag til endringar i opplæringslov og privatskulelov - Nasjonal bestemming om lærartettleik i grunnskulen m.m.

Surnadal kommune ha sett på forslaget til endringar i opplæringslova, og vil kome med denne uttalen:

Lærartettleik:

- Forslaget tek ikkje omsyn til utfordringar kring fådelte skular, og vil gi eit sterkare press om sentralisering i større skular, da ein oftast har større behov for ressursar pr. elev ved dei fådelte enn dei fulldelte skulane. Ved gjennomsnittberekning av faste elevgruppetal, vil ein truleg måtte ta ressursar frå dei minste til dei største skulane. Særleg vil dette gjelde om ein vel ein nasjonal norm for kvar skule.
- Ein er bekymra for at forslaget kan hindre arbeidet med å redusere talet på enkeltvedtak og betre tilpassa opplæring, sidan det er foreslått at ressursar til spesialundervisning og minoritetsspråklege skal liggje utanom berekninga av gjennomsnittleg gruppestorleik.
- For vår kommune vil språkdeling også vere ein viktig del av gruppedeling. Dette er ikkje nemnt som ein faktor å ta omsyn til.
- Finansiering: Rammeauken tek ikkje omsyn til eksisterande skulestruktur i kommunane, og vil i realiteten innskrenke handlingsrommet til kommunane for lokal skulestruktur.
- Det er viktig at ein eventuell norm for lærartettleik ikkje hindrar fleksibilitet for organisering og grupperingar, som bør vere styrt av tema, metodikk og andre lokale forhold.
- Foreslått innfasing tek omsyn til tidleg innsats og behovet for å vere tett på.

Konklusjon:

Oppsummert går vi mot forslaget til nasjonal norm for lærartettleik slik det ligg føre. Vi meiner dette vil sette uønskte grenser for det lokale handlingsrommet for kommunane som skuleeigarar når det gjeld skulestruktur, organisering og tilpassa opplæring.

Vi meiner heller at ein bør sjå på Opplæringslova §8-2 og dei nasjonale tilsyna som er gjennomført. Vi merkar oss at departementet sjølv legg til rette for avvik frå dette i satsinga Ny Giv, der ein da meiner at segregerte tiltak kan ha effekt for læringsutbyttet. Samtidig har ein gjennom nasjonale tilsyn har hatt ein svært restriktiv fortolking av det same ovafor kommunane.

Særskilte innføringstilbod for nykomne minoritetsspråklege elevar:

Surnadal kommune støttar forslaget frå departementet.

ASK:

Surnadal kommune støttar forslaget frå departementet.

Med helsing

Astrid Mogstad Høivik
kommunalsjef